

**Fra:** Svein Helge Hofslundsengen <Svein.Helge.Hofslundsengen@masfjorden.kommune.no>

**Sendt:** 03.10.2023 22:09:00

**Til:** Fosse, Jan Olav <jan.olav.fosse@hi.no>

**Kopi:** Erlend Kvamsdal <erlekvam@online.no>, Siri Tangedal Kratzmeier <siri@salz.no>, Karstein Totland <Karstein.Totland@masfjorden.kommune.no>, Torill Torsvik Størkersen <torill@vestablikk.no>, Geir Egil Haugsvær <gehaugsver@gmail.com>, Lars Jørgen Svendsen <lars.jorgen.svendsen@masfjorden.kommune.no>, Sveinung Toft <Sveinung.Toft@masfjorden.kommune.no>

**Emne:** SV: Formanskapsvedtak om å ta av GMBR sitt budskjett for å unngå konkurs hjå Berivest

---

Hei, viser til div. synspunkt på formannskapsvedtak sak 78/23, og følger opp saka med ny sak til formannskap 16.10 og kommunestyret 26.10. Sender over førebels saksutgreiing som eg reknar med gjev relevant info som etterlyst.

---

**Fra:** Fosse, Jan Olav <jan.olav.fosse@hi.no>

**Sendt:** onsdag 27. september 2023 10:23

**Til:** Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>; post@gulen.kommune.no; Svein Helge Hofslundsengen <Svein.Helge.Hofslundsengen@masfjorden.kommune.no>; Erlend Kvamsdal <erlekvam@online.no>; Siri Tangedal Kratzmeier <siri@salz.no>

**Emne:** Fwd: Formanskapsvedtak om å ta av GMBR sitt budskjett for å unngå konkurs hjå Berivest

Viser til Formanskap sak 078/2023, der det vert vedteke å betala utestående fordringar hjå Berivest med pengar frå GMBR.

Me på Matre stasjon reagerer kraftig på dette. Berivest er eit eige selskap som er eigd av kommunane og er ikkje ein del av GMBR. Me stiller spørsmål med kva vurderingar som ligg bak dette vedtaket, og korleis eit formanskap i september mnd berre kan "ta" kr 150 000,- av GMBR sitt budskjett for å utsetta ein lenge venta konkurs hjå eit anna selskap? Når me kontakta varabranssjef og branssjef 23 september ang saka var ingen av dei informert om saka frå administrasjonen. Dette virkar og useriøst. Men når me ser uttalane frå Berivest i Strilen, om at "utgifter til lys og slokkevatn kom som ei uventa utgift", kan ein kanskje ikkje forventet anna. Det å planleggja eit øvingscenter for røykdykking /brann og redning utan slokkevatn, lys og kompressor til pusteluft, er i utgangspunktet useriøst og vitnar om manglande kompetanse. Men det er noko kommunane må ta ansvar for utan at det går på bekostning av GMBR.

På Matre stasjon manglar me både utstyr og kompetanse som etter lova skulle vore på plass for mången år sidan. Dette går både på HMS og på korleis og kva me kan gjera når alarmen går og nokon treng hjelp.

- 2 av 10 tilsette har det lovpålagde grunnkurset.
- Ingen har det lovpålagde utrykkingsleiar kurset
- 3 av 10 har kode 160
- 3 av 10 har røykdykkar kurs
- Me har 2 brannbilar som har plass til 4 av 10 tilsette. 6 stk må til ei kvar tid nytta privatbil både på øvingar og utrykkningar.
- 10 av 10 har hjelm utan lys. (prøv å røykdykka, driva hurtigfrigjering eller anna med ei lommelykt i handa, evt utan å sjå noko! )
- Siste tilsette har berre rednigsdress, ikkje kle som vernar mot varme. Fleire av oss andre har øydelagde klær som beskyttat mot varme)
- Me har 1 stk "bærbar pumpe". haugamal, tung, og startar når den sjølv vil. Ei ny står høgt på behovslista.
- Me manglar vifte for ventilering.
- Me har ikkje muligheit for å vaska utrykkingsklær som er tilgrisa.

Dette er berre noko av det me treng pengar til hjå oss. Når me har 6 andre stasjonar med sine manglar/utfordringar , meiner me det er uhørt og bruka av eit allereie minimalt budskjett for GMBR for å berga eit anna selskap for ein kort periode! Her bør rådmann saman med formanskap som har vedteke dette, leggja fram ei grundig forklaring på kvifor dette vedtaket er fatta.

Her forventar me ei skriftleg tilbakemelding frå partane.

Ha ein fin dag!

Helsing oss på Matre stasjon.